



KARANTENEUTVALGET

opprettet ved kgl.res. 7. oktober 2005

Norvald Mo

Vår dato	Deres dato	Vår referanse	Deres referanse
10.10.2013	02.10.2013	13/2902	

Vurdering av karantene og saksforbod ved overgang til stilling utanfor statsforvaltninga

Karanteneutvalet har vedteke at du, ved å gå frå embete som statssekretær i Arbeidsdepartementet til stilling som rådgjevar i Fellesforbundet, skal ha karantene i fire månader etter at du sluttar i embetet.

Karanteneutvalet si grunngjeving er at det ligg føre ein heilt konkret samanheng mellom stillinga som statssekretær og stillinga som rådgjevar i Fellesforbundet. Karanteneutvalet legg til grunn at det vil kunne svekke tilliten til forvaltninga om du byrjar i stillinga rett etter at du sluttar i stillinga i Arbeidsdepartementet.

Karantene betyr at du ikkje kan byrja i stillinga i Fellesforbundet før etter fire månader etter at du har slutta i embetet som statssekretær. Det er ikkje høve til å ha faglig kontakt med verksemda i denne tida.

Karanteneutvalet minner om punkt 4 i retningslinjene om informasjonsplikt, karantene m.v. for politikarar som set krav om at politikaren, eit år etter å ha slutta i stillinga, har plikt til å informere om stillingar, verv og næringsverksemd m.v. som kan være problematisk i forhold til retningslinjene.

Med helsing

Terje Dyrstad (e.f.)

Reidun Slåen

Kopi:
Statsministerens kontor
Arbeidsdepartementet
Fellesforbundet

Karanteneutvalget
Fornyings-, administrasjons- og kirke departementet
Postboks 8004 Dep, 0030 OSLO
Tel. 22 24 48 01/22 24 46 60
E.post: postmottak@fad.dep.no

